



SPRÅK- OG LESEPLAN FOR BARNEHAGANE

Språk- og leseplanen gjeld for dei kommunale barnehagane i Sykkylven.

1. BAKGRUNN OG MÅLSETJING

Å legge til rette for god språkutvikling er ei viktig oppgåve for barnehagen. I Rammeplanen heiter det at «*Barnehagen må sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for egne tankar og kjensler*». Ei veksling mellom bruk av kropp, rørsle, ord og tekst stimulerer evna til å kommunisere. Gjennom språk- og omgrepsutvikling vert barna også betre førebudde til skulen og skaper grunnlag for at dei blir gode lesarar. Språk er avgjerande for læring, kommunikasjon og sosiale relasjonar.

2. SEKS GRUNNLEGGANDE AKTIVITETAR

Fylgjande aktivitetar er særleg fruktbare som grunnlag for barna si språk- og leseutvikling, og desse skal vere fundament for arbeidet vårt:

- Gode samtalar (notid, fortid, framtid)
- Rim, reglar, song og dikt
- Forteljingar og høgtlesing
- Leik
- Fysisk aktivitet, sansemotorisk trening / grov- og finmotorisk trening
- Utforsking av skriftspråket

3. VEKTLEGGING

Barnehagen skal skape eit miljø der barna opplever spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song, samtale, rim, rytme og språkleik. Ein skal bruke språket til å fortelje og uttrykke kjensler, ynskjer og erfaringar. Barna skal få eit positivt forhold til tekst og bilete som kjelde til opplevingar, kunnskap, samtalar, fantasi og fabulering. Barna skal stimulerast til å bli nysgjerrige på skriving og lesing.

Barn lærer språk best i samspel med andre. Difor er det viktig å legge til rette for aktivitetar og arenaer som inviterer til språkleg samspel med andre barn og vaksne.

Leik er barnas «kultur». Det er hovudsakleg gjennom ulike former for leik at barna lærer, og difor er det viktig at alle vaksne som arbeider med barna forstår kor viktig denne aktiviteten er. Dei tilsette i barnehagen må sørge for god balanse mellom vaksenstyrte og barneinitierte aktivitetar. Barna får utvida forståing og lærer nye omgrep gjennom leiken, og den gir motivasjon og skaper interesse.

Barnehagane i Sykkylven legg vekt på den betydninga som fysisk aktivitet har for god språkutvikling. Mykje og variert fysisk aktivitet er med på å styrke den språklege meistringsevna hos barn. Språksenteret i hjerna vert stimulert ved fysisk aktivitet og det har stor betydning i forhold til kor uthaldande barna er når dei kommuniserer, lyttar og skal konsentrere seg. Difor har barnehagane fokus på tur dagar, grov-/finmotoriske øvingar, sansemotorisk trening, skrivedans og andre former for fysisk aktivitet.

Fleirspråklegheit er ein stor og udiskutabel ressurs - men barnehagen sitt ansvar er primært norsk. Likevel skal barnehagen legge til rette for minoritetsspråklege barn og aktivt støtte dei i bruk av eige morsmål, samtidig som ein gjer norskspråklege barn nyfikne på framande språk og kulturar.

4. ANSVAR FOR GJENNOMFØRING AV PLANEN

- Styraren har overordna ansvar
- Pedagogisk leiar har delegert ansvar for gjennomføring av planen på avdelinga, og er ansvarleg for å legge til rette for opplæring og vegleiing av eige personale.
- Barne- og ungdomsarbeidarar/assistentar har ansvar for aktivitetar delegert frå ped.leiar

Planen skal gjerast kjent for foreldra og ligge på heimesida til barnehagen. Aktivitetane skal tilpassast alder og modning til barna og synleggjerast gjennom årsplan, månadsbrev og foreldresamtalar. Husk at barn er forskjellige og utviklar seg i ulikt tempo. Barnehagen bør oppmode foreldra til å nytte samtalar, lesing m.m. for å utvikle barna sitt ordforråd.

Personalet i barnehagane skal kjenne til måla i rammeplanen. Utdanningsdirektoratet har gitt ut rettleiaren «Språk i barnehagen-mykje meir enn berre prat». Denne gir konkrete råd og tips som kan nyttast i barnehagen. Alle tilsette bør gjere seg kjend med denne rettleiaren. I tillegg er det utarbeidd eit verktøy for personalet: «Språk og språkmiljø - refleksjonsverktøy for barnehagen». Begge desse kan lastast ned på Udir sine heimesider. Her finn ein også aktuelle kortfilmar om språk: «*Barnehagens språkmiljø*» (4:05), «*Den gode samtalen*» (3:50) og «*Samspillsirkler*» (3:18).

I tillegg har Kunnskapsdepartementet gitt ut fylgjande temahefter som er relevante for barna si språkutvikling :

- «*Temahefte om dei minste i barnehagen*»
- «*Temahefte om språkleg og kulturelt mangfald*»
- «*Temahefte om språkmiljø og språkstimulering i barnehagen*»

Tilsette i barnehagane bør også ha kjennskap til fylgjande nettsider som gir kunnskap og tips om pedagogiske ressursar, språklege aktivitetar, leikar, leseprosjekt m.m.:

- <http://lesesenteret.uis.no/leseopplaering/lesing-i-barnehagen/>
- <http://www.nynorsksenteret.no/nyn/alderssteg/barnehage>
- <http://morsmal.no/>

SPRÅKSTIMULERING I BARNEHAGEN / SMÅBARN

AKTIVITET	STRATEGI/TILRETTELEGGING	IDEBANK
<p>*Setje ord på gjenstandar, gjeremål, kjensler, ønsker og grunnleggande omgrep</p> <p>*Både ute og inne</p>	<p>*Tydeleg talespråk med stor stemmevariasjon</p> <p>*Bruke korte enkle setningar</p> <p>*Bruke kroppsspråk</p> <p>*Augekontakt og bevisst nærvær</p> <p>*Dei vaksne nyttar rutinar og daglege situasjonar til språkstimulering</p> <p>*Gi tid til at barna får uttrykke seg</p> <p>*Fokusord</p> <p>*La dei minste barna etter oppfordring peike på gjenstandar eller konkrete bilete i bøker</p> <p>*Hyppig bruk av gjentakingar</p> <p>*Korrigere ved å gjenta orda rett</p> <p>*Gi minoritetsspråklege barn rett stimulering</p> <p>*Lytt og tolk også det ikkje-verbale språket</p>	<p>*Konkretiser nye ord og omgrep. Set det i samanheng med noko barna har kjennskap til</p> <p>*Sortering etter kategoriar (mat, klede, leiker o.s.v.)</p> <p>*Sortering etter form, farge o.s.v</p> <p>*Kategorisering av slektskapsord</p> <p>*Meg sjølv-bok</p> <p>*Bruk av språkkoffert (konkreter)</p> <p>*Fordjupe seg i ulike tema/prosjekt der ein vel ut viktige omgrep</p> <p>*Snakkepakken</p> <p>*Fotomontasjar</p> <p>*Teikn til tale</p> <p>*Bruk tips i TRAS-handboka</p> <p>*Nyborgmodellen</p>
<p>*Lese/dramatisere enkle forteljingar og eventyr</p>	<p>*Stemmebruk, toneleie, andletsuttrykk og kroppsspråk</p>	
<p>*Enkle rim, reglar og songar</p>	<p>*Enkle songar og korte reglar med god rytme</p> <p>*Leik med rim</p>	<p>*Namnesongar, reglar som handlar om kroppen etc</p>
<p>*Lage/høyre forskjell på ulike lydar</p>	<p>*Utforske</p> <p>*Lytte og undre</p> <p>*Gjentakingar</p> <p>*Imitere ulike lydar</p>	<p>*Dataprogrammet Trollord</p>
<p>*«Stillelesing»</p>	<p>*Barna kan sjå og bla i bøker</p> <p>*Stimulering av fantasien/nysgjerrigheita</p>	<p>*God tilgang på ulike bøker</p> <p>*Bruk biblioteket</p>
<p>*Høgtlesing/lesestunder, også ein-til-ein</p>	<p>*Jamnleg lesing for barna</p> <p>*Aktiviser barna gjennom t.d. peikebøker</p> <p>*Oppmode foreldra til høgtlesing heime for å utvikle barna sitt ordforråd</p>	<p>*God tilgang på ulike bøker (t.d. peikebøker, biletbøker, forteljingar og eventyr)</p> <p>*Bruk biblioteket</p> <p>*Dialogisk lesing som metode</p>
<p>*Samtalar/samlingsstunder</p>	<p>*Lytt, observer og gi respons</p> <p>*Nytte illustrasjonar i biletbøker som utgangspunkt for samtale</p> <p>*Nytte det ein ser og opplever i kvardagen</p> <p>*Variasjon mellom samtale/ refleksjon</p> <p>*Aktiv deltaking frå alle barn</p> <p>*Gi tilbakemelding/respons</p> <p>*Snakke tydeleg og sakte</p> <p>*Uttrykke eigne kjensler gjennom mimikk, kroppsspråk og evt ord</p>	<p>*Stille spørsmål som opnar for dialog og undring</p> <p>*Samtale om bilete av nære og kjende ting</p> <p>*Turtaking</p> <p>*Få med alle</p> <p>*Lære av kvarandre</p> <p>*Kortfilmen «Den gode samtalen» (ligg på nettsida til Udir)</p>
<p>*Synleggjere bokstavar, tal, former og enkle symbol</p>	<p>*Telje barn, leikeskrive etc.</p> <p>*Gjenkjenne «bilde» av namnet sitt</p> <p>*Teikning/bruk av skriveiskap</p>	<p>*Kasse med konkretar (tal, bokstavar, former)</p> <p>*Nytte det som fins i rommet</p> <p>*Bruk av ulike leiker/spel</p> <p>*«Tall og språksprell» av Olvik/Orset/Valle (Gyldendal)</p>
<p>*Legge til rette for enkle rolleleikar</p>		<p>*Lage mat, halde kaffiselskap, køyre bil, stelle dyr, utkledding etc</p>
<p>*Sensemotoriske opplevingar, rytme, song-, rørsle- og klappeleikar</p>		

*Grovmotorisk leik		
*Enkel bruk av IKT	*Bruk av enkle dataprogram tilpassa alderen	*I-Pad/nettbrett
*Observasjonar	*Sjekke om barna forstår det som vert sagt *Ver reflektert i høve når, kven og kva vi dokumenterer *Barn som etter kartlegging viser seg å ligge under det forventa språknivået i høve alder, bør utgreiast grundigare	*TRAS for barn med spesielle behov *Informasjon frå foreldra *Brosjyra «Snakk med meg» * Drøftingsmøte med PPT før henvising/melding
*Lese- og skrivestimulering som tema på foreldremøte	*Poengter verdien av å vere god språkmodell *Poengter verdien av høgtlesing/song *Poengter verdien av morsmål	

SPRÅKSTIMULERING I BARNEHAGEN / STORBARN

AKTIVITET	STRATEGI/TILRETTELEGGING	IDEBANK
*Setje ord på gjenstandar, gjeremål, kjensler, ønsker og grunnleggande omgrep *Både ute og inne	*Tydeleg talespråk *Omsetje barnet sine handlingar/kjensler i ord *Bruke kroppsspråk *Augekontakt og bevisst nærvær *Dei vaksne nyttar rutinar og daglege situasjonar til språk-stimulering *Gi tid til at barn får uttrykke seg *Korrigere ved å gjenta orda rett *Gi minoritetsspråklege barn rett stimulering *Lytt og tolk også det nonverbale språket	*Kategorisering av slektskapsord *Sorteringsleikar *Bruk av ulike «namneskilt» *Ordlister på fleire skriftspråk *Bruk daglege rutinar og oppgåver (t.d. baking – der ein jobbar med omgrep som mengde, veging, kaldt, varmt, lunken o.s.v.) *Teikn til tale *Bruk tips i TRAS-handboka
*Bli kjend med nokre av dei mest kjende folkeeventyra *Rim og reglar	*Dramatiser og leik med eventyr som tema *Øve på gjenforteljing (hukommelse) *Folkeeventyr frå andre kulturar *Leike med figurar *Gåter, vitsar, rim og tulleord	*Teikne/måle frå eventyra *CD'ar med folkeeventyr på norsk og ulike framandspråk *Bøker med folkeeventyr på norsk og framandspråk (biblioteket)
*Besøk på biblioteket	*La barna vere deltakande i val av bøker *Kva er eit bibliotek? Lån og innlevering *Kva kan ein låne?	
*«Stillelesing»	*Gi det enkelte barn ro til sjølv å kunne bla og utforske i bøker *La barnet sjølv få velje bok	*Tilgjengelege og godt synlege bøker i avdelinga
*Høgtlesing/lesestunder	*Jamnleg høgtlesing i barnehagen *Dei vaksne er bevisst i val av litteratur som ein presenterer for barna *Oppmode foreldra til høgtlesing heime	*Dialogisk lesing som metode *Få tips og les omtaler av bøker på nettsida til Lesesenteret og Nynorsksenteret
*Samtalar	*Vurder alltid gruppestorleiken *Dei vaksne legg til rette for felles opplevingar *Dei vaksne stiller spørsmål som opnar for dialog og undring, er engasjerte og byr på seg sjølv. Lytt og gi respons *Gi rom for fantasien *Øve på å snakke i grupper og lytte til andre *Øve på turtaking og vere stille når andre snakkar *Barna får fortelje samanhengande om ei oppleving (byrjing, handling, avslutning) *Øve på motsetnadar (tung/lett, over/under), storleikar, form, farge etc *Øve på å fortelje korleis noko ser ut/er *Lære forskjell på fortid-notid-framtid	*Bruk av oppslagsverk *Bruk av litteratur, temabøker, plansjar og illustrasjonar som utgangspunkt for samtalar *Nytte felles opplevingar som utgangspunkt for samtalar *Ulike tema (til dømes «kven bur i skogen», «kroppen» etc). Ta utgangspunkt i barnas interesse *Prosjektarbeid *Filosofisk samtale kan ha tema som «kva er vennskap», «kva skjer når nokon døyr», «kvifor lære å skrive/lese» etc * Sjå filmsnutten «Hvem snakker?»

	<ul style="list-style-type: none"> *Formidle egne opplevingar/kjensler til andre *Filosofiske samtalar (svaret er ikkje avgjerande, legg vekt på refleksjon/fabulering) *Gi tid til at alle barn får uttrykke seg. Også den vaksne må vise tolmod 	<p>på nettsida til Lesesenteret</p> <ul style="list-style-type: none"> *Kortfilmen «<i>Den gode samtalen</i>» (ligg på nettsida til Udir)
*Skriving/lesing	<ul style="list-style-type: none"> *Alfabet, tal og former er godt synleg på avdelinga *Stimulere til å gjenskape bokstavar, tal, symbol og former. Lydar blir til ord. *Frå lyd til bokstav, leikprega «lesing». Lese- og skriveretning *Viktig med gjentakning *Leike med bokstavar, enkel tekstskaping *Kjenne igjen eige namn *Munnleg presentasjon (bilete/teikning) *Stavingar i korte og lange ord (t.d. klappe namnet sitt) *Forstå at eit ord kan ha ulike meiningar *Kjennskap til ulike dialektar/språk *Lytteløkar * Den vaksne kan skrive ned det barna fortel og/eller lage ei forteljing saman med barna *God tilgang på papir og ulike teikne- og skrivereiskap (fargeblyant, tusj, pensel etc) 	<ul style="list-style-type: none"> *Jakt på rimord, lage rimord *Lag tøyseord *Mitt skip er lasta med *Lytt til kva for ein lyd som kjem først i eit ord *Ulike spel *Ordbilde på ulike gjenstandar *Vise fram tekst, teikningar og produkt som barna har laga. *Utstilling *Meg sjølv-bok *Bruk av språkkofferter (konkretar) *<i>Språkleker</i> av Frost/Lønnegaard (Universitetsforlaget) *Snakkepakken *Mattekassa *Nybormodellen *«<i>Tall og språksprell</i>» av Olvik/Orset/Valle (Gyldendal)
*Rolleleik og dramatisering	<ul style="list-style-type: none"> *Dei vaksne legg til rette for kreative leikemiljø og språkutviklande aktivitetar *Språk og dialog som reiskap i konfliktløysing *Språk nytta til å uttrykke kjensler og ønske 	
*Musikk, song og rytme	<ul style="list-style-type: none"> *Klappe eller trampe stavingane i ord *Del ord i stavingar, og trekk dei saman til ord *Songleikar 	
*Sansemotorisk leik		*Skrivedans
*Grovmotorisk leik		
*Finmotorisk leik		
*Bruk av IKT/digitale verkøy	<ul style="list-style-type: none"> *Tastatur og «touch screen», skriveaktivitet *Kjennskap til internett og andre media *Bruk av enkle dataprogram tilpassa alderen (t.d. enkle dataspel) *Vise filmar, bilete, dataspel *Lytt til lydbøker *Lage dokumentasjon ved bruk av bilete, tekst, film, lydopptak etc 	<ul style="list-style-type: none"> *IPad/nettbrett, ulike app'ar *TV-skjerm *Dataverkøyet Trollord *Geocaching
*Observasjonar	<ul style="list-style-type: none"> *Ver reflektert i høve når, kven og kva vi dokumenterer *Barn som etter kartlegging viser seg å ligge under det forventa språknivået i høve alder, bør utgreiast grundigare 	<ul style="list-style-type: none"> *TRAS for barn med spesielle behov * Drøftingsmøte med PPT før henvising/melding
*Lese- og skrivestimulering som tema på foreldremøte	<ul style="list-style-type: none"> *Poengter verdien av å vere god språkmodell *Poengter verdien av høgtleising/song *Poengter verdien av morsmål 	